

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

SAKSBEHANDLER: BRIT GRØNMYR

ARKIVKODE: 2015/654 - 432.3

DATO: 09.03.2015

## Forenkling av utmarksforvaltning - Høyringssvar frå Møysalen nasjonalparkstyre

Vi beklagar at det har teke tid å fått til eit vedtak i saka frå Møysalen nasjonalparkstyre, men under finn de vedtak gjort i saka i dag.

Sidan vi er etter fristen blir vedtaket sendt til postmottaket hos KMD med kopi til saksbehandlarane i høyringsbrevet.

### Saksprotokoll i Møysalen nasjonalparkstyre - 09.03.2015

Styrets vedtak – enstemmig:

Møysalen nasjonalparkstyre har i denne uttalen fokusert på forslag til endringar som berører nasjonalparkstyret direkte, da først og fremst punktet om danning av utmarksstyrer (pkt 6.4.) i rapporten om forenkling av utmarksforvaltning. Fleire andre tema vil kunne berøre arbeidet i nasjonalparkstyret på ulike vis, men desse er ikkje vurdert av styret.

Møysalen nasjonalparkstyre meiner at dagens organisering av forvaltinga av verneområda, tek betre vare på lokale og demokratiske hensyn enn modellen skissert for utmarksstyrer. Ei eventuell endring av forvaltningsmodellen mot det som er skissert for utmarksstyrer bør derfor bygge vidare på modellen for nasjonalparkstyrer.

Ved ei eventuell samanslåing eller omstrukturering av forvaltingsorgan er det ei forutsetning at ressursane lagt til dei enkelte forvaltningsorgana av i dag følgjer med inn i nye organiseringar.

Med helsing

Brit Grønmyr  
rådgiver

Kopi til:  
Julie Nåvik Hval  
Judith Kortgård